



Turngruppa i Uskedalen har satsa mykje på innkjøp av utstyr til allsidig trim for born og her er leiar Hege Lekva med utstyret og ein av "rekruttane" sine. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Turngruppa i Uskedalen Idrettslag har fått 7.000 kroner av tilskotet til helsefremjande og førebyggjande tiltak innan fysisk aktivitet, kosthald og tobakksførebyggjing som blir utlyst kvar vår. Tilskotet blir gjeve gjennom Fylkesmannen i Hordaland.

Målet med dette tilskotet er å stimulera born og ungdom til aktivitet som fremjar helse. Midlane skal ikkje gå til ordinær drift, men til dømes til innkjøp av utstyr som er avgjerande for å få i gong aktivitet.

Turngruppa fekk tilskotet til allsidig trim for born, som det heiter i tildelingsbrevet.